

Vekeplan 5.trinn



Time kommune

Lye Skule

Veke: 50

Mål	
Norsk	Elevane skal læra om adjektiv.
Matte	Elevane skal skilje mellom stort og lite sannsyn.
Engelsk	Elevane skal arbeida med engelske tekstar.
Sosialt	Eg er ein god skulevenn.

Timeoversikt

	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag
1. økt 8.30 - 10.00	Kunst og handverk	Handball	Tema/julespel	Norsk/julespel	Norsk/matte
2. økt 10.15 - 11.15	Kunst og handverk	Handball	KRLE	Matte	Uteskule
3. økt 12.00 - 1300	Matematikk	Norsk	Matte	Kroppsøving	Uteskule Slutt 13.05
13.00 - 13.20	Fysisk aktivitet		Norsk/ julespel Slutt 14.10	Fysisk aktivitet	
4. økt 13.20 - 14.20 (13.10 - 14.10, onsdag)	Engelsk			Arbeidsprogram	

Meldingar til heimen:

Timebestilling til helsesjukepleier:

<https://outlook.office365.com/owa/calendar/Helsesjukepleiar@time.kommune.no/bookings/>

Tysdag 10. desember er det handball turnering i regi av Lye IL i 1. og 2 økt. Alle må komme med klede dei kan ha gym i, i tillegg skal dei ha skifteklede til etter turneringa. Elevane treng ikkje dusja.

Fredag 13. Desember er det uteskule. Sjå eige skriv.

Måndag 16. desember er det nissemarsj. Elevane kan ta med ca 0,5l saft dersom dei ønskjer.

19. desember klokka 09.00. i aulaen, skal 5. trinn framføra eit julespel i samband med julegudstenesta. Alle føresette er velkomne til å sjå på.

til tysdag	til onsdag	til torsdag	til fredag
Rekning:	Lesing:	Lesing:	Lesing:
<p>Gjer innføringsleksa som ligg i showbie - matematikk- lekse-veke 50.</p> <p>Skriv i innføringsboka.</p> <p>Øv på siste verset til songen "her i Betlehem" til julespelet.</p> <p>-Hugs å pakka klede til handball-turneringa.</p>	<p>Les ein gong høgt for deg sjølv og ein gong for ein vaksen.</p> <p>Overskrift: Veke 50 og set inn eit bilete som passar.</p> <p>A "Hei, storesøster" i Saltoboka s. 197 eller Skolestudio Salto kapittel "Meir å lesa" kapittel 3.</p> <p>1. Kva lurar veslesøstera på?</p> <p>2. Kva for nokre ting som ikkje finst på ekte teiknar storesøstera? Grunngi svaret.</p> <p>B: "Ha,ha,ha,he,he,hi,hi,hi" s. 193 og 194 (kan s. 195) i Saltoboka eller Skolestudio Salto "Meir å lesa" kapittel 3.</p> <p>1. Gi eksempel på minst tre ulike typar latter.</p> <p>2. Kva for ei overraskande oppdaging gjorde Provine og assistentane hans?</p> <p>Øv på siste verset til songen "her i Betlehem" til julespelet.</p>	<p>Les ein gong høgt for deg sjølv og ein gong for ein vaksen.</p> <p>Lekseleksa ligg på showbie - 5.trinn - Tema - Temalekse</p> <p>A: side 66 - 67</p> <p>B: side 66 - 69</p> <p>Lesebestilling: Skriv i temaboka: Overskrift, veke 50</p> <p>Spørsmåla ligg i showbie i teksten.</p> <p>Øv på diktaten.</p> <p>-Pakk gymklede og gymsko til kroppsøving.</p>	<p>Skolestudio - Explore-kapittel 2 "My family". Les med til lydfile ein gong og les to gonger for ein vaksen.</p> <p>A: "I`m glad I`m me" i Skolestudio Explore eller p. 53 i Explore-boka.</p> <p>B: Differensiert lesing eller lang tekst. "The butterfly lion" p. 58 (kan p. 59) i Explore-boka eller Explore i Skolestudio.</p> <ul style="list-style-type: none"> Gjer ferdig glossery. <p>-Lad læringsbrettet til 100%</p> <p>-Pakk til uteskule</p>
Diktat/finskrift: SOL - ord.		Glossary	
<p>I fjor gøymde eg pengane mine under senga. Bestemor sat aldri i gyngestolen. Trine gjekk likevel mot nord på turen. Far brukar alltid kjevle når han bakar peparkaker.</p>		<p>A: accept me - godta meg goofy - tullete stares - stirar</p> <p>B: lion cub - løvunge determined - bestemt lapped - drakk, lepja i seg</p>	

Uteskule 13. desember

Til elevar og føresette på 5. trinn

På fredag skal me gå til "Harry Potter skogen". Me går frå skulen klokka 10.30 . Alle må ha med seg tursekk, regnkleda må vera i sekken eller på.

Me lagar bål, og dei som ønskjer kan ta med seg ein vedpinne.

Alle må ha med seg læringsbrettet til skulen. Me skal bruka det før me går.

Målet for turen er å kategorisera ord i dei ulike ordklassane, substantiv, verb og adjektiv.

Til denne turen må du ha med:

Klede etter veret.

Vedpinne – dersom du har.

Vatn

Gode sko.

Kan ha med:

Bålmat

Varm drikke (f. eks kakao)

Rett i koppen/ nudlar ol.

Ekstra genser og ekstra sokkar

Sitjeunderlag

Helsing Alf og Rasmus